



Årsmelding HFK Damer 2020

Året som gjekk

2020 vart i store delar prega av koronautbrotet og nedstenging 12. mars, som vedvarte i større og mindre grad ut året.

Tiltenkt var det at damelaget i 2. Divisjon skulle bli leia av hovudtrenar Pawel Kazcorowski med Vebjørn Haug som assistent, der desse leia treningane for heile gruppa gjennom året. Etterkvart vart det klart at det ikkje vart seniorfotball, og HFK stilte derfor eit J19-lag i ein kretsserie. Rundt laget var det eit stort støtteapparat inkl. Helge Strand Jensen og Tore Ness som var med og organiserte kampdagar og transport, samt fleire ivrige foreldre som ville bidra rundt trening/kamp.

Som tidlegare vart treningskvardagen i jan – mars lagt innandørs. Det var påmeldt eit J19-lag i vinterserien. Der fekk me ein 6-2 siger over Kongsberg og eit 2-1 tap mot Stoppen før nedstenging. Helga 6-8. mars var damelaget på treningssamling i Oslo der me spelte to sterke treningskampar mot Bærum og ØHIL, som begge enda med siger. Dette var og ein viktig sosial samling for gruppa, då den årlege treningsleiren i Tyrkia vart avlyst grunna koronaen.

Etter nedstenginga vart det organisert trening i heimkommune med koronareglar. Desse treningane vart organisert ilag med gutane. Her vart det litt dårleg oppmøte frå jentesida, med nokon heiderlege unntak som trena mykje og bra. I denne perioden var det fleire jenter som gav seg (flest 02-modellar). Dette var nok dei som tidlegare hadde vurdert å gi seg med fotball.

Då den normale treningskvardagen (for dei under 20 år) og kampane kom i gang att i haustsesongen vart det stilt eit HFK/Gol-lag i J19 serien. Her var det fleire 05-modellar får Gol sitt J15 lag som hospiterte opp og bidrog til fleire sterke singlar: 6-0 mot Solberg, 2-4 mot Strømsgodset, 6-1 mot Stoppen, 0-4 mot Solberg. Etter ein walkover mot Strømsgodset i siste kamp enda me sesongen med berre singlar og som kretsmeistrar i J19-Buskerud. Her hadde HFK ein målforskjell på 21-4.

Toppscararar: Vårin Stensaker Stave, Milla Dokken og Maria Hagen Paulsen med 4 mål kvar.

Flest målgivande: Ida Livgård Jensen og Vårin Stensaker Stave med 3 målgivande kvar.

Ekstra gledeleg var det at me hadde mange ulike målscorearar og jenter med målgivande, som tyder på at store deler av laget var med i vårt angrepsspel.

Desse vart heidra på ein felles pizzaavslutning for laget på Casa Nostra.

Sosialt

- Tidlegare vore litt grupperingar, føler det har blitt betre. MEN viktig å jobbe vidare med, spesielt med større gruppe enn tidlegare og hospitering frå yngre lag. Ei som slutta i løpet av våren sia ho ikkje fann seg til rette i gruppa.
- Fin grilltur til Hemsedal i sumar og pizzakveld før jul.

Rekruttering

- Ein del eldre spelarar (02-modell) som gav seg i løpet av vår/haust.
- Litt liten treningsgruppe mot slutten av hausten. Ikkje noko å spele for?
- Fleire unge spelarar kom fint inn i gruppa. Spesielt bra og stort 05-kull, og nokon spennande 06-ere.
- Slått ilag damelag/J19 med J16/17. Jamnt over 25-30 på kvar økt jan-mars 2021, med potensial for fleire.
- Gode hospiteringsordningar frå moderklubbar inn mot HFK J17 og J19.
- Viktig å jobbe vidare med rekruttering, → alle jenter på bana med mange HFK-spelarar med på økter fungerte bra.

Etter sesongen vart det klart at Pawel Kazcorowski gir seg som hovudtrenar. For 2021-sesongen blir derfor Vebjørn Haug hovudtrenar for damelaget i 2. Divisjon / J19. Helge Strand Jensen blir med som assistent, samt Tore Ness som vil bidra rundt laget. Gøran Bråten kjem inn i trenergruppa og skal vere hovudtrenar for J17 laget. Her får han med seg Sigurd Evjen som assistent. HFK fekk svært gledeleg mange jenter inn i gruppa før 2021-sesongen. Det blir derfor ein stor treningsgruppe med eit godt trenarteam rundt.

Me gler oss og håpar på ein meir normal fotballsesong i 2021!

Årsmelding: Vebjørn Haug